

Inne i rhododendron-veka

03.06.2009



Det verkar som om bygda no er inne i den store rhododendron-veka. I alle fall strålar den sorten som på latin heiter rhododendron ponticum mot ein i hage etter hage. og det som truleg er Kvinnherads største rhododendron - på Endregård - strålar aller mest. (biletet over).

Men rhododendron i andre hagar (biletet under) tek nesten opp konkurransen.

Planta på Endregård, som dette året er 91 år gammal, er 14 meter lang, fem meter høg og fem meter brei.

Ellers rapporterer vår botaniske seksjon av det er 1.000 slags rhododendron i heile verda, at den største kan bli over 30 meter høg og at dei største blada til ein rhododendron måler over halvmeteren i diameter! Så Uskedalen-planta er nok berre småguten likevel.

Det er forresten ikkje heilt rett at rhododendron er å finna over heile verda. Planta har ikkje vore oppspora i Afrika eller Sør-Amerika.

Av Ola Matti Mathisen

